

43 millionar til 6 prosjekt som skal forske på forskings- og innovasjonssystemet

Seks prosjekt får midlar frå Forskningsrådet for å forske på forskings- og innovasjonssystemet. Prosjekta skal bidra til betre kunnskapsgrunnlag for utvikling av forskings- og innovasjonspolitikken.

PUBLISERT 21. NOV. 2024 | OPPDATERT 3. JAN. 2025

Prosjekta skal forske på korleis det skal leggjast best mogleg til rette for at kunnskap blir teken i bruk og på samspel mellom forskning og brukarar. Forskarane skal også forske på korleis forskings- og innovasjonssystemet kan bidra best mogleg til ei berekraftig omstilling av samfunnet.

Cathrine Egeland og kollegaer frå Arbeidsforskningsinstituttet ved OsloMet skal forske på korleis ansvarleg internasjonalisering i den norske forskingssektoren kan utøvast i ein i ei tid med geopolitisk uvisse. I arbeidet skal ho samarbeide med KIF-komiteen, LO, UTSYN - senter for tryggleik og totalforsvar og advokatfirmaet Helmer.

Halvor Johannes Dannevig, frå Stiftinga Vestlandsforskning, skal undersøkje i kva grad og korleis samskaping bidreg til omstilling i det norske klima- og energiforskingssystemet. Samarbeidspartnarar i prosjektet er Vestland og Nordland fylkeskommune, miljøorganisasjonen Sabima, KS og Miljødirektoratet.

Vivian Anette Lagesen, frå NTNU HF, skal kartleggje og analysere involveringa til brukarpartnarane og engasjement i forskning. Målet er mellom anna å gi ei betre forståing av samspelet mellom forskning, samfunn og næringsliv og korleis forskning kan bidra til å løyse store samfunnsutfordringar. Ho skal samarbeide med Trondheim kommune, Trøndelag fylkeskommune og teknologiselskapet Kantega AS.

Dei andre prosjekta som får midlar skal forske på forskingsvurderingsreformer i det norske forskningssystemet, korleis «impact», eller effektar, oppstår i forskning der forskarar og brukarar samarbeider og korleis ein kan byggje og forsterke transformativ kapasitet blant nøkkelaktørar i innovasjonsdistrikt.

Følgjande seks nye prosjekt fekk støtte, med totalt 43 millionar kroner:

Prosjekttittel	Prosjektansvarlig	Tildelt beløp
Knowledge co-production for climate change transformation: Panacea or placebo?	STIFTINGA VESTLANDSFORSKING	7 600 000
Organising impact	TIK Senter for teknologi, innovasjon og kultur	7 600 000
Responsible Internationalization, Inclusion, and National Security in Norwegian Research Organizations in a Changing Geopolitical Landscape	Arbeidsforskningsinstituttet AFI – OsloMet - Oslo Metropolitan University	7 590 500
INNOSPACE: Transformative capacities for place-based innovation in Norwegian Innovation Districts	By- og regionforskningsinstituttet NIBR	7 600 000
New ways of evaluating research and researchers. CoARA in the Norwegian research system.	NIFU	7 596 200
Making research useful. Aligning social challenges, researchers' translation efforts, and users' transdisciplinary problem-solving	NTNU DET HUMANISTISKE FAKULTET	4 984 650

Meldinger ved utskriftstidspunkt 16. mai 2025, kl. 07.11 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.